



Notat

Dato: 26.06.2014
Arkivsak: 2014/17618-6
Saksbehandlar: vigberg

Til: Anne-Kathrine Vabø

Frå: Vigdis Berge

Innspel kulturminne - Oppstart områderegulering i delar av kommunedelplan for Bjånes gnr. 66 bnr. 1 mfl. samt detaljregulering av delfelt B4, B7 og T1 - Bjånes - Os kommune

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i *Fylkesdelplan for kulturminne* der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Delar av planområdet har potensialet for funn av automatisk freda kulturminne. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn til planen. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Det er ofte føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konflikhtar med automatisk freda kulturminne. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei slik undersøking, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune vil gje endeleg fråsegn til oppstartsmeldinga etter synfaringa.

